

Søknadsskjema for Bulyst.

| | |
|--|--|
| 1. Hva er navnet på prosjektet? | Hjelmeland 24-7 |
| 2. Hvem er juridisk eier av prosjektet? | Hjelmeland kommune |
| 3. Søknadsbeløp: | 780.000 |
| 4. Når skal prosjektet gjennomføres (fra – til)? | August 2011- juni 2014 |
| 5. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post. | Prosjektkoordinator Åsmund Sigmundstad Kommunehuset 4130 Hjelmeland Asmund.sigmundstad@hjelmeland.kommune.no 51757154, 98259422 |
| 6. Prosjekt- og/eller arbeidsgruppe(r) Gi en kort oversikt over organiseringen av prosjektet. | <u>Prosjektgruppe:</u> Dagleg leiar Hjelmeland frivilligsentral, kulturkonsulent i Hjelmeland kommune, 1 repr Hjelmeland samfunnshus og teaterlag, 1 repr Hjelmeland bygdekvinnelag, 1 repr Jøsneset helselag, 1 repr Årdal bygdaråd. <u>4 Arbeidsgrupper:</u> 1. Prosjekt mangfald; Samhandling frivillige lag og innbyggjarar/ innflyttarar. 2. Ungdomsteater. 3. Bygging av inkluderande kvinnenettverk; Temakveldar/kurs/lokal mat. 4. Møteplasser ute i naturen som arena for inkludering, fysisk aktivitet og bulyst. |
| 7. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig. Jfr også punkt om gjennomføringsevne i utlysningsteksten. | Hjelmeland 24-7 er eit bulystprosjekt med fokus på deltaking i frivillig verksemd som ein viktig arena for å fremje bulyst. I Hjelmeland skjer det noko heile døgnet kvar dag heile veka; 24-7. Utfordringa er at alle blir ikkje inkludert. Vi vil styrkje samhandlinga mellom frivillige lag og |

| | |
|--|---|
| | <p>innbyggjarane for betre å koordinere det ressursrike mangfaldet i frivillige lag.</p> <p>Hovuddelen blir gjennom Hjelmeland samfunnshus og teaterlag. Her vil vi etablere ungdomsteater. Ungdom treng å bli involvert i spennande og utviklande aktivitetar, ha trygge, stabile arenaer for dette, og dermed gode opplevingar slik at dei har lyst å kome tilbake etter endt utdanning. Samfunnshuset vil også vere arena for prosjekt mangfald og utvikle fellesarrangement for heile kommunen med fokus på inkludering. Det skal også etablerast ei årleg stormønstring med ei kreativ synleggjering av det tilbodet som er i frivillige lag og ei synleggjering av innflyttarane ved å vise kven dei er og deira land og kultur. Eit heilskapleg arrangement der alle grupper er naturleg inkludert og involvert.</p> <p>Ein annan del av prosjektet er på to tema;</p> <p>1. Kvinnenettverk ved bygdekvinnelaget med fokus på inkludering av innflyttar- og innvandrarkvinner .</p> <p>2. Inkluderande møteplassar. Kva ei lita bygd kan gjere i nærmiljøet for å fremje bulyst? Ved Årdal bygdaråd og Jøsneset helselag. Her skal ein blant anna tilretteleggje møteplassar ute i naturen. Døme på tiltak: Tilrettelegging av badeplass, tursti, ”treningsstudio” i friluft, benker ved turmål, turstifadderordning, fleire opne fellesarrangement i friluft. Utvikle bruk av internettside for bygda for å spreie informasjon.</p> |
| <p>8. Hvem er målgrupper for prosjektet?</p> | <p>Del 1: Alle innbyggjarane i Hjelmeland. Del 2: Ungdom 13-18 år. Del 3: Kvinner. Del 4: Rettar seg mot innbyggjarane i dei to bygdene Årdal og Jøsneset med fokus på tilrettelegging av møteplassar i naturen.</p> <p>Innbyggjarane i Hjelmeland er ei samansett</p> |

| | |
|--|---|
| | <p>målgruppe, prosjektet vil ha fokus på alle som bur her både dei som alltid har budd her og dei som har kome tilflyttande frå andre stader i Norge eller frå utlandet. Eit særpreg i målgruppa er at antal innvandrarak har vore aukande dei siste åra.</p> |
| <p>9. Hvordan skal målgruppen(e) informeres/involveres i prosjektet?</p> | <p>Den viktigaste måten å involvere målgruppene på blir å gi ut oppgåver og ansvar. Den som får ansvar blir vist tillit og kan dermed lettare bli inkludert og kan få med seg andre.</p> <p>Bruke etablerte møteplasser for å spreie informasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Samarbeid med ungdomsråd, kulturskulen, ungdomsskulen, vidaregåande for å nå ut til ungdomen. -Samarbeid med arbeidsplasser for å nå ut med informasjon til innflyttarak/innvandrarak. -Samarbeid med NAV, frivilligsentralen og vaksenopplæringa for å nå ut til flyktingane/innvandrerane. <p>Skape nye inkluderande møteplasser, den beste informasjonen blir til der folk møtes. Personleg invitasjon, mobilisere nærmiljøet for å nå ut til tilflyttarak (invitere med den nye naboen)</p> <p>Mobilisere frivillige lag og organisasjonar til å spreie informasjon i sitt nettverk.</p> <p>Aktiv bruk av internett og sosiale medier.</p> |
| <p>10. Hva er mål og eventuelt delmål for prosjektet?</p> | <p>Mål: Auka trivsel og tilbodsbreidda i kommunen og gjennom dette. Auka innbyggjartalet i Hjelmeland.</p> <p>Delmål: Etablere eit ungdomsteater.</p> <p>Delmål: Auka samhandling mellom frivillige lag og innbyggjarar/tilflyttarak. Dermed auke deltaking av tilflyttarak i frivillig verksemd.</p> <p>Delmål: Byggje kvinnenettverk.</p> <p>Delmål: Tilretteleggjing møteplassar i naturen som fremmer inkludering og fysisk aktivitet.</p> |
| <p>11. Hvordan er målene forankret i</p> | <p>Prosjektet i godt forankra i kommuneplanen for Hjelmeland 2011-2023:</p> |

| | |
|--|---|
| <p>lokale/regionale styringsdokumenter?</p> | <p><i>Naturen står sentralt i heile kommuneplanen.</i></p> <p><i>2.1 Barn og Unge ...å sikre eit mangfald av fritidstilbod, som når alle, men med hovudfokus på aldersgruppa 13-18 år.</i></p> <p><i>2.2 Busetjing: ...Hjelmeland må vere så attraktiv at dei som bur her framleis ynskjer å bu her, og at nye personar vel å flytte til oss. Me ynskjer óg at folk skal bu i heile kommunen.</i></p> <p><i>3.5 Fleirkulturelt samfunn: Hjelmeland skal vere ein kommune kor integrering og inkludering av ei fleirkulturell befolkning skal bidra til å skape eit mangfald som styrkjer og berikar lokalsamfunnet. ...engasjement særleg retta mot innvandrarkvinner i høve til arbeid, utdanning og fritidsaktivitetar.</i></p> <p><i>Prosjektet er også forankra i fylkeskommunen sin regionplan for eit inkluderande samfunn. Her blir det blant anna lagt vekt på samarbeidet med frivillig verksemd for å nå måla i planen.</i></p> |
| <p>12. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?</p> <p>Beskriv hvordan dere skal arbeide for å finne ut om dere når målene i prosjektet?</p> | <p>Aktivisere 30 ungdomar i ungdomsteater der minst 3 har innvandrarbakgrunn.</p> <p>Registrere andel innvandrere som er aktive i frivillige lag og organisasjoner ved prosjektstart og prosjektslutt. Målet er at minst 10% av medlemmene/ deltakarar har innvandrerbakgrunn ved prosjektslutt.</p> <p>Utvikle fleirkulturelle fellesarrangement som samlar innbyggjarar frå heile kommunen.</p> <p>Utvikle eit kvinnenettverk med breiast mogleg deltaking.</p> <p>Fysisk tilretteleggjing av fleire møteplasser ute i naturen og registre bruk med ”turpostkasser”.</p> |
| <p>13. Beskriv kort hva dere tror vil ha størst læringseffekt for andre prosjekter/kommuner.</p> | <p>Vise kor viktig deltaking i frivillig verksemd er for inkludering og fremming av bulyst.</p> <p>Vise korleis ein kan få til gode strukturar og</p> |

| | |
|---|---|
| | <p>dermed betre samhandling mellom frivillig verksemd og offentleg verksemd.</p> <p>Vise korleis ein betre kan inkludere innvandrerar/ innflyttarar i eit bygdesamfunn. Gjennom å skape naturlige arenaer for dette.</p> <p>Vise korleis ein kan bruke naturen for å fremme bulyst.</p> |
| <p>14. Hvor geografisk konsentrert vil prosjektet ha effekt? (sett kryss)</p> | <p>a) helt lokal effekt x</p> <p>b) effekten kommer i flere kommuner i regionen x – fordi det parallelt etableres samarbeid med nabokommune rundt samfunnshus og teater.</p> <p>c) effekten kommer i hele fylket</p> <p>d) effekten kommer i eget fylke og i andre fylker</p> <p>e) effekten kommer i eget fylke, samt i andre fylker og/eller utenfor Norge</p> |
| <p>15. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt slutført/videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.</p> | <p>Ved prosjektets slutt vert kunnskapene vi har tileigna oss i prosjektet systematisert i ein rapport og brukte til å videreføre dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Ungdomsteater -Videreutvikle samhandling mellom frivillig verksemd og det offentlege. -Videreutvikle kvinnenettverk. -Møteplassar ute i naturen. |
| <p>16. Hvilke effekter av prosjektet ser dere for dere at prosjektet skal føre til?</p> <p>Gi gjerne egne beskrivelser av effekter, og begrunn hvordan prosjektet kan føre til disse.</p> <p>Eksempler på effekter kan være:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) Økt innovasjon eller | <p>Auke befolkninga i Hjelmeland.</p> <p>Større personlig engasjement på tvers av ulike grupper.</p> <p>Større grad av tilbod for alle, -valgmuligheter på tvers av kulturbakgrunn, alder, interesse og livssituasjon.</p> <p>Sterkere lokal identitet.</p> <p>-Hjelmeland har ei forholdsvis stor tilflytting men det er også ei stor utflytting. I prosjektet skal vi ha fokus på dei personane som bur i kommunen og dei som flytter til kommunen. Effekten vi satser på er at ved at dei som bur her blir engasjert i lokalmiljøet så blir dei lettare buande. Det er vanskelegare å flytte</p> |

| | |
|--|---|
| <p>innovasjonsevne</p> <p>e) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen</p> <p>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd)</p> <p>g) Styrke regionale sentra</p> <p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringsvalg for bedrifter?</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål</p> | <p>frå ein plass der ein har fått gode opplevingar og har eit nettverk.</p> <p>Å gjera Hjelmeland meir attraktiv for busetjing.</p> <p>-Hjelmeland er ein liten distriktskommune vi har mange tilbod og aktivitetar men vi har ei utfordring med å ha ei betre synleggjering og koordinering og ei variasjonsbreidde i fritidstilbodet. Bulystprosjektet skal hjelpe oss til å synleggjere dei ressursane som me har i innbyggjarane, koordinere og videreutvikle frivillig verksemd med vekt på bruk av naturen. Me vil også utvikle eit breiare kulturtilbod for ungdom.</p> <p>Dersom me lukkast å nå måla i prosjektet kan det føre til auka innovasjon og innovasjonsevne på lang sikt; Når folk kjem i saman på nye kreative møteplassar, kan det kome fram gode idear!</p> |
|--|---|

Vedlegg:

Samarbeidsavtaler mellom Hjelmeland kommune og desse frivillige laga:

Hjelmeland bygdekvinnelag
Hjelmeland samfunnshus og teaterlag
Årdal bygdaråd
Jøsneset helselag

I tillegg til dette skjemaet, må søkere legge ved:

- Budsjett med kostnadsoverslag og finansieringsplan
- Framdriftsplan og milepælsplan
- Rapport fra evt. forprosjekt i tilknytning til omsøkt prosjekt

Det har ikkje vore eit eige forprosjekt men Hjelmeland kommune er omtala i rapporten til Rambøll (november 2009) med tittelen **"IDENTIFISERING AV PROSJEKTER MED FORMÅL OM Å FÅ TILFLYTTERE TIL Å TRIVES OG BLI VÆRENDE PÅ ET STED"**

Rapporten er utgjeve av kommunal og regionaldepartementet.